Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. | Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. til nr. 36 | Herad: Ullensvang

Emne: Helsing, fakter og åtferd. | Bygdelag: Sørfjorden

Oppskr. av: Rudar Rogdo | Gard: Rogdo

(adresse): Barkåker st. | G.nr. 62 Br.nr. 5

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Måtar å refse folk på.

17. Ved grise hive.

Det var før vanleg å kritisera grannane for arbeid og åtferd som det er i dag. Me kjenner ikkje til at dette vart gjordt på nokon tradisjonsbundne måte.

1. At folk slo figurar, ringar eller spiralar i graset for dei som somla med å slå, eller at dei skar „holme" i åkeren el. sette opp hæmfigur for dei som somla med skurden, har me ikkje høyrdt noko om.

2. Folk kan ikkje hugsa at det vart rist pålar og stokkar langs veggen og ved døren til karar som var ute etter midnatt skir-torsdag, langfredag eller andre ~~—~~ visse netter.

3. Noko liknande som dette (?) timet frå Nord-Noreg kjenner

9018

me ikkje til frå vår bygd.
Men det hende m. a. at når ein gut bruka robåt når han var og vitja gjenta så, så fann han båten att på taket (ofte på løetaket) når han skulle heim att på morgonkvisten.

B Ved å setja namn på folk.
Tilnamn eller utnemne vart bruka.

4. Me veit ikkje om at dei hadde no serskildt utnemne på folk som gjekk på vitjing fyrste joledag, men eit eller anna utnemne vart sikkert bruka dersom dette hende. Det vanlege i Hardanger var at ein ikkje skulle gå på vitjing fyrste joledag.

5. Den skikken at alle skulle ha eit nytt plagg til jolaftan trur me ikkje var vanleg heime.

6. Me kan ikkje no hugsa andre utnemne på folk som forsømde noko tradisjonelt påbod eller ikkje oppnådde det han skulle.

9018

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING